



## Notat

Dato: 19.09.2014  
Arkivsak: 2014/13622-33  
Saksbehandlar: evataul

---

**Til:** Opplærings- og helseutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### **Vedkomande spørsmål i OPHE 13. mai i samband med behandling av Klimaplanen 2014-2030**

Spørsmål frå Anette Dybvik i Open time:

«OPHE ønsker at det undersøkes om planretningslinjene i kap.5.3 vil skape et ekstra forvaltningsnivå som kan komme i konflikt med det statlige regelverket som Fylkesmannen allerede forvalter idag.»

Hordaland fylkeskommune er ein regional planstyresmakt og Klimaplan 2014-2030 er utarbeidd som ein regional plan etter plan- og bygningslova §§ 8-1 til 8-4. Regional plan skal leggjast til grunn for regionale organ sin verksemd og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen. Regional plan med retningslinjer har ikkje direkte rettsverknad ovanfor den einskilde innbyggjar, men vil vere eit grunnlag for å fremje motsegn til kommunale planforslag som ikkje er i samsvar med den regionale planen. Statlege organ har rett og plikt til å delta i planlegginga når deira virkeområde er involvert.

Fylkesmannen er statens representant i fylket og skal følgje opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa. Fylkesmannen skal mellom anna arbeida for å redusera utslepp av klimagassar og avgrensa framtidige skadar. Fylkesmannen fungerer som eit bindeledd mellom den nasjonale klimapolitikken og gjennomføringa i lokalsamfunna. Det er kommunane( herunder fylkeskommunen) som har hovudansvaret for å planlegge for gode samfunn for innbyggjarane, der klimaperspektivet er ein viktig del.

Fylkesmannen har deltatt i arbeidet med Klimaplanen i prosjektgruppa og temagruppa for Tilpassing til klimaendringar.

Frå Statleg nivå har vi *Statlig planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunene*. Desse var fastsett i 2009 med heimel i plan- og bygningslova § 6-2. Dei statlege retningslinjene skal leggjast til grunn ved statleg, regional og kommunal planlegging etter plan- og bygningslova samt einskildvedtak som statlege, regionale og kommunale organ treff etter plan- og bygningslova eller anna lovgjeving.

Føremålet med retningslinjene er å sikre at kommunane går foran i arbeidet med å redusera klimagassutslepp, sikre meir effektiv og miljøvenleg energiomlegging i kommunane samt sikre at kommunane nyttar eit breitt spekter av roller og virkemiddel i arbeidet med å redusera klimagassutslepp. Klimaplan for Hordaland 2014-2030 er utarbeidd i samsvar med *Statlig planretningslinje for klima- og energiplanlegging i kommunene*.

Oppsummering:

Planretningslinjene i kap.5.3 er i samsvar med plan- og bygningslova sine føringar om regional planlegging og skapar ikkje eit ekstra forvaltningsnivå. Retningslinene i planen er i samsvar med dei statlege planretningslinjene som fylkesmannen skal sjå til at vert følgt.